

Flott fotballkveld på Heio, tross tap for Rosendal/Uskedal 02/03

14.05.2018



**Kveldens heimekamp var mot Halsnøy, truleg det beste laget i j17 serien i år. Med over 20 grader og flott vær, vart det ein flott fotballkveld på Heio. Dessverre enda det med tap 1-7 til Halsnøy.**

Rosendal/Uskedal (R/U) slit med spelarar som er skada eller ute av andre årsaker, men med hjelp frå 04 laga frå Uskedal og Rosendal, blir det nok spelarar. Den yngste på bana i dag er ikkje fylt 13 år enda. Trenar Tor Gundersen gi honør til 04 spelarane, dei bidrar godt i denne kampen.

Halsnøy er flinke til å spela ballen, dette vist seg utover kampen, dei sette inn 0-1 målet etter bare 1 minutt. Før det var spelt 3 minutt stod det 1-1 etter eit nydeleg langskot frå Emma Øen. R/U held meir eller mindre med Halsnøy utover kampen til det er om lag 15 minuttar igjen.



Halsnøy er nå på offensiven og klarar å score 4 mål på dei siste 15 minuttane. R/U hadde nokre gode sjanser, særsla nærmest var Lene Furdal sitt skot frå 40 meter som gjekk i tverrleggeren. Om den hadde vert 10 cm lågare, kunne det blitt årets mål. Sluttresultatet blei 1-7 til Halsnøy.

Tor Gundersen menar R/U gjer ein herderleg kamp mot eit Halsnøy lag som truleg vinn serien i vår og rykker opptil 2. divisjon til hausten.

Tor ynskjer å retta ei stor takk til jentene frå Rosendal og Uskedal 04 laga som var med i denne kampen. Håpar dei også vil være med ved seinare høve.

R/U lag:

May Beate Brakstad  
Celine Musland  
Hilde Marie Sandvik  
Amalie H. Rød  
Lene Omvik Furdal  
Thea S. Taranger  
Lisa Jonetta Ølvestveit  
Guro K. Leganger  
Vilde Hjelmeland  
Hanna Tvilde  
Emma Ø. Klette

Innbyttere:

Eli Omvik  
Camilla M. Ripel  
Anna Eisabeth S. Eik  
Siri Lorentzen-Furdal

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

Foto: Ida Marie K. Eidsvik

Nett: Hans Ordin Østebø